



# ***SAMNANGER KOMMUNE***

*-der du vil leva og bu –*



***BYGGJEREKNESKAP***

***FOR***

**Nytt Biblioteklokale på Bjørkheim**

## Byggjerekneskap – Biblioteklokale i næringsbygg på Bjørkheim

### 1. Skildring av tiltaket

Samnanger kommune sitt folkebibliotek var lokalisert til kjellaretasjen i kommunehuset på Indre-Tysse. Lokalet var på om lag 100 m<sup>2</sup> og svært lite egna til publikumsbesøk, arrangement og magasinkapasitet. Det var ikkje mogleg å kome til lokalet med rullestol og ekskluderte ei rekkje innbyggjarar frå å bruka biblioteket som møteplass. Ulike tiltak vart vurdert i eksisterande lokale. For å få til eit framtidig og moderne bibliotek ønska kommunen heller vurdere andre alternativ. Nytt biblioteklokale på Bjørkheim kom opp som eit godt mogleg alternativ, då Bjørkheim Senter realisterte sitt bygg.

### 2. Vedtak om oppstart og endringar

I gjennom feire år har det vore fleire innspel om eit meir tilgjengelege biblioteklokale.

I 2014 retta Finn Mohn spørsmål til kommunen om leige evt kjøp av lokale i samband med bygging av Bjørkheim senter. Saka vart drøfta politisk og administrativt fleire gongar.

I kommunestyret den 17.12.2014 sak 71/14 vedtok kommunen følgjande:

*«Samnanger kommune inngår kontrakt med Bjørkheim senter om kjøp av areal i nytt bygg på Bjørkheim til bruk for bibliotek. Kommunen vil inngå avtale om kjøp av ca 500 kvadratmeter. Vedtaket er med atterhald om at tiltaket vert innarbeid i økonomiplan og at byggestart vert i 2015.*

Samnanger kommune inngjekk kjøpekontrakt med Bjørkheim Senter den 21.10.2015 om kjøp av areal.

Vedtak om finansiering vart gjort i samband med økonomiplanen 2017-2020 i Kommunestyret sak 16/100. Totalt vart det sett av kr 14.334.000.



### 3. Organisering av prosjektet

Prosjekteigar har vore assisterande rådmann Hilde-Lill Våge medan kultursjef Arnved Lund har vore prosjektleiar under byggeperioden. I tillegg har teknisk driftssjef Endre Kulleseid vore med i

drøftingar for det som gjeld tekniske vurderingar og problemstillingar. Kultureininga har utgjort ei prosjektgruppe, og har hatt ein tett dialog med fylkesbiblioteket.

#### 4. Framdriftsplan

I kontraktmøte i oktober 2015 var kommunen lova overtaking av lokala den 22.06.15. Av ulike grunnar vart bygginga utsett av byggeigar. Tidspunktet vart difor seinare flytta til november 2016 og ytterleg til mars 2017. Den 2. mars 2017 overtok kommunen næringsseksjonen/biblioteklokala. Lokala er seksjonert som eigen eigarseksjon til Samnanger kommune.

#### 5. Økonomisk oversyn

I budsjett og økonomiplanen 2017-21, KS-sak 100/16, vedtok kommunen eit budsjett på 14,33 millionar kroner til kjøp og bygging av biblioteklokale. 12 millionar vart vedteke å lånefinansiera, medan 1,21 millionar vart finansiert frå ubunde investeringsfond og 1 million i tilskot frå Hordaland fylkeskommune (kulturanlegg). Fylkeskommunen løyvde og kr 150.000 i tilskot for modellbibliotek, som kunne verte brukt til arkitekt hjelp og kjøp av utstyr.

	KS vedtak 100/16	KS vedtak 21/17	Overført frå drift	Overført frå drift	Sum budsjett	Rekneskap
Gebyr og lisensar kjøp lokale	21 000				21 000	20 525
Innbu og utstyr	150 000		100 000	52 000	302 000	308 513
Byggetenester og nybygg	100 000	400 000	75 000		575 000	594 034
Kjøp av bygg/anlegg	14 000 000				14 000 000	14 000 000
Betalt mva - momskompensasjon	62 500	100 000	31 250	13 000	206 750	225 622
<b>Sum utgifter</b>	<b>14 333 500</b>	<b>500 000</b>	<b>206 250</b>	<b>65 000</b>	<b>15 104 750</b>	<b>15 148 695</b>
Refusjon frå fylkeskommunen	-150 000				-150 000	-100 000
Overføring frå fylkeskommunen	-1 000 000				-1 000 000	-500 000
Bruk av nytt ubunde inv.fond.	-1 021 000				-1 021 000	-1 021 000
Bruk av Sima - Samnanger fond	-100 000				-100 000	-100 000
Overføring frå driftsrekneskapen	0		-175 000	-52 000	-227 000	-227 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>-2 271 000</b>	<b>0</b>	<b>-175 000</b>	<b>-52 000</b>	<b>-2 498 000</b>	<b>-1 948 000</b>
<b>Netto</b>	<b>12 062 500</b>	<b>500 000</b>	<b>31 250</b>	<b>13 000</b>	<b>12 606 750</b>	<b>13 200 695</b>
Momskompensasjon	-62 500	-100 000	-31 250	-13 000	-206 750	225 622
Lånemidlar	-12 000 000	-400 000			-12 400 000	12 400 000
<b>Sum /meirutgift</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>575 073</b>

I 1.tertialrapport til kommunestyret (KS-sak 21/17) vart det varsla om meirutgifter, for å få tilrettelagt lokala i tråd med arbeidsmiljølova og brannforskriftene. I dei opprinnelege teikningane var det ikkje teke omsyn til krav om eigen garderobe og toalett for dei tilsette. For å få til ei betre, meir direkte og universell hovudtilkomst vart inngangspartiet lagt til utsida av lokalet. Dette resulterte i strengare branntiltak og meirutgifter. Budsjettet vart difor justert opp med kr 575.000. Totalbudsjettet vart då oppjustert til 15,1 millionar kroner.

Kommunen hadde budsjettetert med 1 million i tilskot frå fylkeskommunen, men fekk halvparten i tilskot i 2017. Kommunen har høve til søkje om nye kr 500.000 i 2018 for å få fullfinansiert tiltaket. Rekneskapen viser difor ei meirutgift på kr 575.000. Det vert føreslått å låne kr 500.000 frå ubunde investeringsfond med tilbakebetaling med tilskotet som vert søkt om i 2018. Ser ein bort frå underdekning av tilskot er det ei overskriding på kr 75 073 på prosjektet i høve revidert budsjett. Desse vert dekkja inn med ubrukte lånemidlar (ks-sak 57/17).



## 6. Måloppnåing

Samnanger kommune har no fått eit svært godt og eigna biblioteklokale for folk flest. Det ligg sentralt og er lett gjengeleg for brukar som må nytte kollektiv transport eller går frå sine bufellesskap i nærleiken. Viktigaste er at biblioteket no vert opplevd som ein offentleg møtestad der ein treff folk til samtale eller debatt i tillegg til å låne bøker.

## 7. Vedlegg

Kjøpekontrakt

KS-sak 71/14 og Økonomirapportering april 2107.

Fordeling av spelemidlar – tilskot biblioteket